




**Sølve
Rydland**

Ansvarleg redaktør



Mongstad treng meir straum. Det hastar!

Når lokale politikarar og lokalt næringsliv ropar varsku for kraft-situasjonen i området rundt Fensfjorden, er det lurt å lytta. Trass store ambisjonar, står Nordhordland og Gulen i fare for å stå igjen med lua i handa når det grøne skiftet tar av.

- DET vil vere svært dramatisk. Vi må vere med på det grøne skiftet, for alternativet er massiv arbeidsløyse, sa leiar i Nordhordland næringslag, Baste Tveito til Avisa Nordhordland laurdag.

DEN STORE utfordringa for regionen vår framover, er at olje- og gassnæringa etter alt å dømma kjem til å trenga færre folk i arbeid. Allereie har sysselsetjinga krympa noko. Me har nok langt meir i vente. Ifølgje dei lokale tala i rapporten Vestlands-scenarier 2020 melder kvar fjerde oljeservicebedrift i Nord-

hordland om at dei i løpet av dei neste tre åra kjem til å måtta omstilla seg til nye marknader for å overleva. Det hastar å få på plass nye bein å stå på. Ikkje fordi alle oljearbeidsplassane kjem til å forsvinna over natta. Men fordi det er eit godt prinsipp å førebu seg i tide. Konsekvensane av nedgang i sysselsetjinga innan olje og gass vil få ringverknadar i resten av næringslivet. Det kan verta dramatisk.

DÅ INDUSTRIREISINGA skjedde tidleg i det førre hundreåret, bygde ein industrien der krafta var. Me fekk industribyar inst i fjordane. I dag er det fleire behov. Industrien treng tilgang på industrikompetanse, teknisk kompetanse, vegar og hamner som gjev effektiv kontakt med dei internasjonale marknadane, og plass - mykje plass. Dette gjer Mongstad, Skipavika og Sløvåg til interessante plassar for å etablere ny grøn industri. Men det er altså straumen som manglar.

DEN STRAUMEN som vert produsert lengre inne i fjordane.

Som i Masfjorden og Modalen.

DET HEILE er paradoksalt. Var det noko som skulle vera vårt konkurransefortrinn i overgangen til eit mindre fossilavhengig samfunn, så var det all den reine krafta vår. Problemet no er ikkje at me ikkje har straumen. Men me har ikkje straumen der me treng straumen.

KONSEKVENSA HAR me allerede sett. Mangel på kraft var etter det me kan forstå ein avgjerande grunn til at korkje Mongstad, Sløvåg eller Skipavika fekk vera med vidare i kampen om den mykje omtalte batterifabrikken til Equinor, Hydro og Panasonic. Batterifabrikken var ikkje siste sjanse. Men eit faresignal.

NOKO AV løysinga for å få fram meir straum er relativt uproblematisk. Det må gjerast forbetringar og investeringar knytt til det etablerte linjenettet. Dette skal Statnett etter planen ha gjort innan 2026. Det vil kunna opna opp for nokre av ambisjonane rundt Fensfjorden. Utfordringa er at heller ikkje desse

utbetringane vil metta etterspurnaden for å etablere ny næring i området.

Det er då me nærmar oss det som kan verta eit minefelt. Skal kapasiteten og forsyningstryggleiken aukast ytterlegare må det byggast nye høgspenningslinjer gjennom vestnorsk natur. Kampen mot dei såkalla monstermastene i Hardanger og oppstanden mot vindkraft på øyer og i fjellheim har tydeleg vist at folk strekkjer seg langt for å forsvare naturinteressene. Det folkelege opprøret har òg fått fotfeste hjå politikarane. Du må nærast ha sadistiske trekk om du som lokalpolitikar i 2021 går på barrikadane og frontar eit nytt vindkraftprosjekt. Aksjonistane har forskinga på sitt lag. Naturkrisa, som handlar om svekking av naturmangfald, kan verta minst like katastrofal som klimakrisa.

EIN KRIG om ein mastetrasé er det siste Nordhordland og Gulen treng framover. I staden må styremaktene læra av vindkraftmotstanden. Forstå at folk treng å sjå at dei sit igjen med noko som kan bøta på negative

konsekvensar. At straum frå Masfjorden og Modalen kan sikra industri på Mongstad og i Gulen, kan vera nettopp ei slik historie. Men det bør òg drypa noko på folk inne i fjordane. Men det stoppar ikkje der. Statnett og politikarane må òg snart gå i tett dialog med lokale politikarar og lokalsamfunn, for å sikra at ein får straum til Fensfjorden på ein måte som alle kan leva med. Som ikkje gjer at forsøket på å løysa klimakrisa trumfar naturkrisa.

DET NÆRMAR seg val. Måndag inviterte Avisa Nordhordland og Strilabiblioteket listekandidatane til debatt i Knarvik. Svare frå politikarane i panelet var oppløftande, men arbeidet står igjen. Stortinget må leggja press på Statnett for å få fortgang i arbeidet med å få meir straum til Mongstad. Me i avisa kjem til å følgja med. Det er meiningslaust at ein kraftproduserande region som vår ikkje skal ha kapasitet til å etablere ny, grøn og framtidretta industri.